



DEN NORSKE KYRKJA  
Lavik Sokneråd

## Møteprotokoll Lavik sokneråd

Dato: 16. oktober 2024

Stad: Lavik kyrkjekontor

### Tilstades:

Toril Lange, Katrin Borlaug Ringereide, Maria Zimmermann Espeseth, Eldrun Nordal, Regine Borlaug Pettersen, Inger Cecilie Fitje og Bjørn Harald Nybø.

Fråfall: Ingen.

Ord til opning ved Toril.

Godkjenning av innkalling, referat frå 21. august og sakliste.

Kommentarar til referat 21. august:

Frode Akse har fått nøkkel til kyrkja, slik at dei kjem seg raskt inn ved ein eventuell brannalarm.

## Meldingssaker:

### 19/24: Sidan sist

Gudsteneste 25. august: Konfirmasjonspresentasjon og 50-års konfirmantar. Kyrkjekaffi, og mange deltok før dei gjekk vidare.

Gudsteneste, hausttakkefest og dåp x 2, 29. september: Godt oppmøte. Rundt 90 stk. Mange barn som deltok i gudstenesta. Utdeling av bøker til alle barna.

6-årssamling 18. sept: 5 barn som hadde ei fin samlingstund, symboljakt, leik og avslutta med kveldsmat.

4-årssamling/myldresamling 25. sept: 5 born som hadde ei fin samlingstund der dei laga smykke, sang og åt kvelds ilag.

Maki-klubb 27. sept: 10 som deltok, matlaging og fin stund saman. Mykje leik både innandørs og utandørs. Dette ville dei vere med på fleire gongar.

Haustleir på Alværa: 10 frå Lavik som deltok på leiren. 37 til saman.

Andakt på helsesenteret: Inger Cecilie er der ein gong i månaden.

Konfirmantopplæring: Har delteke i gudstenester, og har fleire planlagte aktivitetar framover.

## **20/24 Nytt frå Fellesrådet**

Bjørn-Harald og Toril orienterte om møtet som fann stad 19. september.

Det er nytt møte i fellesrådet 17. oktober.

## **Vedtaksaker:**

### **14/24 Gudstenesteplan hausten og vinteren 2024/vår 2025**

Gudsteneste 20. oktober: Regine er kyrkjevert og Toril er klokkar. Takkoffer til TV-aksjonen (Barnekreftforeningen).

Helgemesse 3. november: Maria er kyrkjevert og Toril er klokkar.

Lysmesse 1. desember: Toril skal sende opplegget som vi har brukt å ha på lysmesse tidlegare til Inger-Cecilie.

Familiegudsteneste julaften: Katrin har sagt ja til å spele i kyrkja, og det er tenkt at born skal delta aktivt i gudstenesta. Katrin skal spør om det er fleire som har lyst å delta musikalsk.

Tårnagentgudsteneste 19. januar: Denne blir i forbindelse med tårnagenthelg (18. og 19. januar).

Gudsteneste 16. februar:

Samtalegudsteneste 23. mars:

Påskemåltidet:

1. påskedag:

17. mai:

Konfirmasjon 29.mai:

Friluftsgudsteneste i juni: Vi skal vente å sjå om det kjem andre aktivitetar søndagane i juni, før vi eventuelt finn ein dato.

### **15/24 Aktivitetar hausten 2024**

Mat og prat: Toril har utfordra fjorårets konfirmantar til å samtale med Geir Sørebo. Ho skal ringe dei og få avklart, slik at Regine kan setje i gang med plakaten og få hengt den opp.

Eldrun og Toril vil lage mat, og Regine lagar glutenfritt.

Det blir klokka 1800.

Salmekveld: Katrin skal høyre om nokon i Fjordbrass vil bidra musikalsk denne dagen. Toril og Katrin tek ansvar for resten av opplegget også.

### **16/24 Aktivitetar vinteren/våren 2025**

Vi fastset dato for:

- Mat og Prat: 26. februar eller 5. mars 2025. Toril tek kontakt med Geir for å avklare kva som passar best for han.
- Årsfesten/årsmøtet: 9. april 2025
- Familiesamling/generasjonssamling på Alværa: Vi skal sjå på dato på neste møte.

**Neste soknerådsmøte blir onsdag 8. januar klokka 1700.**

Skrivar

Regine Borlaug Pettersen